

DESEMBER 2019  
HÅ KOMMUNE

# DETALJREGULERINGSPLAN FOR RUNDKJØRING DYSJALANDSVEGEN X LERBREKKVEGEN, HÅ KOMMUNE

PLANSKILDRING  
NASJONAL PLANID: 1119\_202305

**COWI**



DESEMBER 2019  
HÅ KOMMUNE

# DETALJREGULERINGSPLAN FOR RUNDKJØRING DYSJALANDSVEGEN X LERBREKKVEGEN, HÅ KOMMUNE

PLANSKILDRING  
Nasjonal planid: 1119\_202305

OPPDRAGSNR. DOKUMENTNR.

A122813

VERSJON	UTGIVELSESDATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET	KONTROLLERT	GODKJENT
Planforslag	13.12.2019, sist revidert 20.04.2020 revidert 10.07.2025		AAVK SHK	MIBG	MIBG



# INNHOLD

1	Samandrag	7
2	Bakgrunn	8
2.1	Hensikten med planen	8
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	8
2.3	Bakgrunn og tidlegare vedtak i saken	8
2.4	Krav om konsekvensutredning?	11
3	Planprosessen	12
3.1	Varsel om oppstart, medverknad	12
4	Planstatus og rammeføresetnader (med vekt på avvik fra overordna planer)	14
4.1	Overordna planer	14
4.2	Gjeldande reguleringsplanar	16
4.3	Tilgrensande planer	17
4.4	Temaplanar	17
4.5	Statlege planretningsliner, rammer og føringer	18
5	Skildring av planområdet, eksisterande forhold	20
5.1	Lokalisering	20
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk	20
5.3	Landskap	21
5.4	Kulturminne og kulturmiljø	22
5.5	Naturverdiar	24
5.6	Landbruk	24
5.7	Trafikkforhold	26
5.8	Barn og unges interesser	27
5.9	Sosial infrastruktur	27
5.10	Universell tilgjengeleghet	28
5.11	Teknisk infrastruktur	28

5.13	Støyforhold og luftforureining	30
5.14	Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)	31
6	Skildring av planforslaget	32
6.1	Planlagt tiltak	32
6.2	Planlagt arealbruk	35
6.3	Miljøoppfølging	41
6.4	Universell utforming	43
6.5	Landbruksfaglege vurderinger	43
6.6	Kulturminne	45
6.7	Sosial infrastruktur	45
6.8	Rekkefølgjeføresegner	46
7	Verknadar/konsekvensar av planforslaget	47
7.1	Forhold til overordna planer og føringar	47
7.2	Landskap	47
7.3	Forholdet til krava i kapittel II i naturmangfaldlova	47
7.4	Trafikkforhold	50
7.5	Barn og unges interesser	50
7.6	Landbruk	50
7.7	Sosial infrastruktur	51
7.8	Tekniske infrastruktur	51
7.9	ROS	51
7.10	Økonomiske konsekvensar for kommunen	52
7.11	Interessemotsettingar	52
8	Avsluttande kommentar	53
9	Vedlegg	54
10	Figurliste	55
11	Referansar	57

## 1 Samandrag

Det er planlagt for at dagens veganlegg kan oppgraderast med ein ny standard samstundes som det skal leggjast ny vassleidning i vegen. Det vert fremma to alternative planforslag til offentleg ettersyn av planen. Alternativ 1 legg opp til gang- og sykkelveg, samt rabatt og utvida køyreveg. Alternativ 2 legg opp til fortau og utvida køyreveg. Det ligg føre planar om å etablera belysning på strekningen. Planområdet ligg like nord for Varhaug sentrum i Hå kommune, og fungera som ein skuleveg (*alternativ 2 ble valgt ved godkjenning av planen*).

Oppstart av planarbeidet vart varsla 28. juni 2019, med høyringsfrist 6. september 2019. I november 2019 vart det varsla om ein mindre utviding av planområdet. Innkomne merknader er summert opp og kommentert i eit eige vedlegg.

Vegen kryssar to bruer, og det er i eit eige notat gjort vurderingar knytt til eksisterande brukonstruksjonar og mogelege løysingar for framtidige bruer. Det er i tillegg gjort vurderingar knytt til flaumfare i dei to bekkane.

Oppstart av planarbeidet med rundkøyringa vart varsla 17.03.2023, med høyringsfrist 24.04.2023. Innkomne merknader er summert opp og kommentert i eit eige vedlegg. Rundkøyringa har sin bakgrunn i UTN-sak [016/23](#).

Det er utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planen og anbefalte avbøtande tiltak er følgt opp i plankart og planførersegner.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Hensikten med planen

Planen sin hensikt er å leggja til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar langs Dysjalandsvegen. I tillegg skal planen sikra tilkomst for landbruksmaskinar.

Trygg skuleveg er høgt prioritert i Hå kommune. I tillegg til å vere i bruk som skuleveg, og er strekningen ein tilkomst til Kviamarka industriområde.

Til offentleg ettersyn vert det lagt ut to alternative løysingar til planforslag. Dette vert gjort på bakgrunn av vedtak gjort ved første gangs behandling av planforslaget i mars 2020 (Vedtak UTN 031/20, 2020).

#### Alternativ 1:

Planforslaget legg opp til ein utviding av dagens køyreveg frå om lag 4 meter til 5 meter. I tillegg vert det lagt opp til ein rabatt på 1,5 meter og ein separat gang- og sykkelveg på 2,5 meter. Det er regulert inn frisiktsonar i kryss.

#### Alternativ 2:

Planforslaget legg opp til ein utviding av dagens køyreveg frå om lag 4 meter til 5 meter, samt ein separat gang- og sykkelveg på 2,5 meter. Det er regulert inn frisiktsonar i kryss.

**Planendring 2025 omfattar etablering av rundkøyring, for å auke trafikksikkerheita i krysset mellom Lerbrekkvegen og Dysjalandsvegen. UTN-sak [016/23](#) er bakgrunn for rundkøyringa.**

I gjeldande reguleringsplan 1193, vart ikkje trafikksikkerheita vurdert eller ivaretatt i same grad som det no blir lagt opp til, fordi krysset ikkje var del av daverande planområde. Rundkøyringa er venta å redusere konfliktnivået mellom køretøy i trafikken, og samtidig betre forholda for mjuke trafikantar gjennom lågare hastigkeit og meir tydelege kryssingspunkt.

### 2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Hå kommune er forslagsstillar.

COWI AS er plankonsulent.

**For planendringa 2025, etablering av rundkøyring, er Prosjektil plankonsulent for grunnlaget av rundkøyringa, mens plandokumentene oppdateres av Hå kommune.**

Dysjalandsvegen er kommunal, frå Lerbrekkvegen og nordover til kryss med Dysjalandsvegen 247. Den kommunale eigedomen inngår i eigedom gnr. 40, bnr. 28, og har ein breidde på om lag 7 meter.

Vidare mot Kviamarka er vegen privat eigd. Sideareal til veg er også privat, og består av bustad- og landbrukseigedomar.

## 2.3 Bakgrunn og tidlegare vedtak i saken

Hå kommune skal legge ny vassleidning frå Varhaug til Kviamarka. Kommunen ynskjer å sjå dette anlegget i samanheng med tiltaka i denne planen. Når ein skal legga vassleidning vil ein opparbeida vegen på nytt med areal for gåande og syklande, eventuelt ein rabatt og auka vegbreidda, samt etablera lys langs vegen.

Det er overordna ynskje i kommunen om at gang- og sykkelvegen/fortauet vert opparbeidd. I kommunen sin plan for turnettet i kommunen (Hå kommune, 2017) er det forslag om å opparbeide gang- og sykkelveg mot Kviamarka langs Dysjlandsvegen. I budsjett- og økonomiplanen (Hå kommune, 2018) ligg det inn

midlar til ny vassleidning Dysjaland-Varhaug-Kydland (prosjektnr. T302) og til G/S-veg Varhaug - Kviamarka, langs Dysjalandsvegen (prosjektnr. T602).

På bakgrunn av dette har COWI tidlegare gjennomført eit forprosjekt for Dysjalandsvegen (COWI AS, 2018). Det er gjort eit politisk vedtak i Hå kommune (Vedtak UTN 004/19, 2019) på at alternativ 1 i forprosjektet med ein utvida rabatt frå 1,5 til 2 meter skal leggast til grunn i den vidare prosjekteringen av Dysjalandsvegen. Alternativ 1 har mellom anna vegbane på 5 meter, rabatt, og gang- og sykkelveg på 2,5 meter.

I etterkant av dette er det både gjort vedtak på at ein skal sjå på ein mindre arealkrevjande løysing (Vedtak Kommuneplanutvalet 006/19, 2019), og vedtak at planen skal gjennomførast i samsvar med alternativ 1 i forprosjektet (Vedtak UTN 050/19, 2019).

Ved første gangs behandling av planforslaget (Vedtak UTN 031/20, 2020) vart det vedtatt at ein til offentleg ettersyn skal leggja ut ei alternativ løysing til planforslag, jf. avsnitt 2.1. Den alternative løysinga skal basera seg på alternativ 3 i tidlegare utarbeidd forprosjekt (COWI AS, 2018). Alternativ 3 i forprosjektet har vegbane på 5 meter og fortau på 2,5 meter.

Under følger dei omtala vedtaka i sin heilsakap.

➤ **Utval for tekniske saker og næring, 31.01.19**

**Sak nr. 004/19: Utbetring av Dysjalandsvegen samtidig med legging av vassleidning Varhaug- Kviamarka**

**Vedtak**

*1. I den vidare prosjekteringen tar ein sikte på å auke køyrebanen frå 4 til 5 meter mellom FV151 Lerbrekksvegen og Dysjaland. Utvalget ønsker alternativ 1 med ein utvida rabatt frå 1,5 m til 2 m for å få ein trafikksikker løysning for mjuke trafikanter.*

*2. Ein tar sikte på å sette opp veglys langs Dysjalandsvegen mellom FV151 Lerbrekksvegen og Dysjaland, i den vidare prosjekteringen.*

*3. Utvalget ber formannskapet vurdere legging av fjernvarme på dette strekket.*

➤ **Kommuneplanutvalet, 30.04.2019**

**Sak nr. 006/19: Plansak: Plan 1193 Gs-veg langs Dysjalandsvegen, parsell Kviamarka-Lerbrekksvegen**

**Vedtak**

Kommuneplanutvalet støtter vedtak 004/19 i Utval for tekniske saker og næring, og ber Rådmannen om å

1 Gjennomføre detaljreguleringsplan 1193 ihht. oppstartsmøte.

2 Leggje inn «Gang/sykkelveg – på bakken» i kommuneplanens arealdel ved neste rullering, for den aktuelle strekninga, ut frå evt. godkjent detaljreguleringsplan.

3 KPU ber utvalet i det vidare arbeidet å vurdere ei mindre arealkrevjande løysing for sykkelsti.

4 Gang- og sykkelvegen videreføres i KPA (Kommuneplanens arealdel) fra Lerbrekksvegen fram til rundkjøringen i Toppavegen.

➤ **Utval for tekniske saker og næring, 20.06.2019**

**Sak nr. 050/19: Plansak: Plan 1193 Gs-veg langs Dysjlandsvegen, parsell Lerbrekksvegen - Dysjaland**

**Vedtak**

Utval for tekniske saker og næring ber rådmannen om å gjennomføre detaljreguleringsplan 1193 i samsvar med vedlagte planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet, og å ta utgangspunkt i alternativ nr 1 i vedlegg 02; 2,5 m gang og sykkelveg og inntil 2 m rabatt.

➤ **Utval for tekniske saker og næring, 05.03.2020**

**Sak nr. 031/20: Plansak: Plan 1193 detaljregulering GS-veg langs Dysjlandsvegen, parsell Kvia-Lerrekksvegen. 1. gangsbehandling og offentleg ettersyn**

**Vedtak**

1. Utval for tekniske saker og næring sender saka tilbake og ber rådmannen også utgreie alternativ nr 3 i cowis profiler omtala i notat til UTN sak 004/19.

2. Utval for tekniske saker og næring gjer rådmannen fullmakt til å legge planen ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 12-10 med to alternative løysningar for GS-veg langs Dysjlandsvegen.

3. Rådmannen skal før sluttbehandlinga i Kommunestyret sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringer og justeringar blir gjorde

4. Utvalet ber Rådmannen sende ny søknad om nedsett fartsgrense til 50 km/t i Lerbekksvegen ved krysset med Dysjlandsvegen.

Bakgrunnen for etablering av rundkøyring i krysset Lerbekksvegen og Dysjlandsvegen er at det er et trafikkfarleg kryss, samt registrert som ulykkespunkt. I Utval for tekniske saker og næring, 26.01.2023, sak nr. 016/23 ble det vedtatt følgende:

UTN anbefaler at det etableres rundkøyring for å sikre krysset Lerbekksvegen og Dysjlandsvegen. Kommunedirektøren bes om å starte arbeidet med endring av reguleringsplan.

Fylkesutvalet si behandling av sak 9/2024 i møte den 23.01.2024:

Fylkesutvalet rår Hå kommune til å gå vidare med planane om rundkøyring i krysset Lerbekkvegen/Dysjlandsvegen. Krysset har hatt alvorlege ulukker, og kommunen sine forsøk på å få redusert skilta fartsgrense og få vegen nedklassifisert som forkjørsvag har ikkje ført fram. Difor ser fylkesutvalet behovet for å etablere rundkøyring i dette krysset.

#### Andre moglege tiltak

Det blei i den innleide fasen vurdert andre fysiske tiltak. Dette gjaldt i hovudsak å endre utforminga av krysset frå X-kryss til forskauvne T-kryss. Å flytte den austlege armen av Lerbekksvegen (mot jernbanekryssinga) framstod som det mest føremålstenlege av desse. Fordelen med denne løysinga er at netto arealinngrep blir noko mindre enn ved rundkøyring. Ulempen er at den fartsdempande effekten blir minimal, og gjeld berre for éin køyretretning i krysset.

Det har vært ulike variantar i krysset av forkørsrett og vikeplikt, men det har ikkje hatt ønska effekt. Runkøringen vil bidra til å senke hastigheta og betre trafikksikkerheita i krysset som har det vært en svært alvorlig ulykke i. Det blir tryggare for myke trafikantar å krysse Lerbekkvegen ettersom det blir laga ein definert fotgengarovergang.

## 2.4 Krav om konsekvensutredning?

Ein kan ikkje sjå at det er trong for ein konsekvensutreiing, ettersom tiltaket kun gjeld ein utviding av dagens veg, og ettersom inngrepa i dyrka jord i hovudsak vert relativt små på dei ulike tomtane. I hovudsak vil tiltaket ikkje avskjere store jordbruksareal og hindra drift.

Det var i tidleg fase planlagt for at etablering av ny gang- og sykkelveg ville føra til ein utviding av dagens veganlegg og at inngrepa ville vera minimert til å ligga langs med veg. I vidare planarbeid har ein enda på ein løysing i nord, på gnr. 39, bnr. 1 og bnr. 10, der ein legg ein ny veg aust for eksisterande silo. Dette krev eit større inngrep i jordbruksareal enn først forutsett, og det avskjer ein del jordbruksareal i forhold til korleis eigedomane er innordna i dag. Då desse avskorne areala ligg i eit større jordbruksområde, går ein ut ifrå at drifta kan innretta seg dei nye avgrensingane. Hå kommune har vore dialog med grunneigarane på dei aktuelle eigedomane angåande løysing forbi silo.

Jf. utarbeidd planinitiativ i oppstartsfasen var det estimert at tiltaket ville om lag 1 dekar dyrka jord forsvinne som følgje av tiltaka i planen. Planforsлага som no ligg føre legg opp til eit større inngrep i jordbruksareal. Dette er skildra i kapittel 6.5.

Planendringa vedrørende rundkøyring er også vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutredning. Tiltaket faller ikkje inn under vedlegg I eller II og er vurdert til å ikkje få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Det er eit mindre avgrensa område som blir beslaglagt til rundkøyring.

## 3 Planprosessen

### 3.1 Varsel om oppstart, medverknad

Oppstart av planarbeid vart varsla 28.06.19, med frist for innsending av merknader 06.09.19. Det ble varsla ein utviding av planområdet 11.11.2019, med frist for innsending av merknader 09.12.2019. Samandrag av, og kommentarar til merknadene følger i eige vedlegg. Merknader i fullversjon er også vedlagt.

Diagram til høgre viser hovudstega i planprosessen i tråd med plan- og bygningsloven.

Det har i forkant av planprosessen vore halde møte mellom grunneigarar i området og Hå kommune. Grunneigarar og kommunen har i utgangspunktet vore samstemde om at ein smal løysing vil vere eit godt alternativ for strekninga. Det har vore diskutert om vegen kan utvidast noko (mot 5 meter) og at ein kan leggja til eit smalt fortau på 1,5 meter. I etterkant av dette er det gjort politisk vedtak i saken, som legg opp til ein meir arealkrevjande løysing. Etter politisk vedtak ved første gangs behandling av planforslaget vert det fremma to alternative planforslag som legg opp til ulik grad av inngrep.

Oppstartsmøte med Hå kommune vart gjennomført 07.03.2019.

Undervegsmøte med Hå kommune vart gjennomført 12.09.2019. Ein gjekk her mellom anna igjennom merknadane som var korne inn ved varsel om planoppstart.

#### Varsel om oppstart

- brev/ annonse med plangrense og hensikt med planarbeid
- 4 ukers høringsfrist (6 uker v/planprogram)


#### Utarbeide planforslag

#### Behandling av planforslaget i planutvalg

- Planforslag legges ut på høring med 6 ukers høringsfrist

#### Revidering av planforslaget


#### Politisk behandling av planforslaget i planutvalg, før egengodkjenning i kommunestyret



Figur 3-1: Varslingsområde, inkludert den utvida varslingsa (blått omriss).

Oppstart av planarbeid for rundkjøring vart varsla 17.03.2023, med frist for innsending av merknader 24.04.2023. Samandrag av, og kommentarar til merknadene følger i eige vedlegg. Merknader i fullversjon er også vedlagt.

Rundkjøringa følger same planprosess som beskrive ovanfor.



Figur 3-2: Varslingsområde (svart omriss).

## 4 Planstatus og rammeføresetnader (med vekt på avvik fra overordna planer)

### 4.1 Overordna planer

#### 4.1.1 Regionale planar

##### **Jordvernstrategi for matfylket Rogaland, vedtatt 12. juni 2019**

Regional jordvernstrategi er ei oppfølging av Nasjonal jordvernstrategi, som har mål om at omdisponeringa av dyrka jord i Noreg skal vere under 4000 dekar årleg.

Regional jordvernstrategi peikar ut tre hovudområde for innsats;


- 1) Kunnskapsformidling, 2) Jordvernomsyn i planar og 3) Utfordre landbruksnæringa. Strategien legg frem tiltak som skal styrke og sikre eit betre jordvern.

##### **Regionalplan Jæren 2050, vedtatt 12. juni 2019**

Regional plan for Jæren er ein langsiktig plan for areal- og transportutvikling og skal gi strategisk retning for korleis regionen skal vokse dei neste 30 åra.

Nasjonale mål for jordvern er forsterka, og omsyn til jordvern skal vektleggjast i alle plan- og avgjerdsprosessar som omhandlar jordbruksareal. Gjennomsnittleg omdisponering/nedbygging i planområdet skal ikkje overskride jordvernållet i regionalplanen over ein viss periode.

Det er ambisjon om at årleg omdisponering av jordbruksareal i planområdet skal vere minst mogleg, men i gjennomsnitt ikkje meir enn 5% (200 dekar) av det nasjonale jordvernållet.



Figur 4-1: Utsnitt av kart som visar føringer for langsiktig disponering av areal i regionen. (Rogaland fylkeskommune, 2019)

## 4.1.2 Kommuneplanens samfunns- og arealdel

### Kommuneplanens arealdel for Hå kommune 2024-2036 (KPA 2024-2036), vedtatt 20.06.2024

Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen.

#### Samfunnsdelen


For kulturlandskapet er det eit mål at ein skal leggja til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samstundes som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Strategiar for å nå målet er:

- › Detaljering av langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- › Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- › Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.

#### Arealdelen

I arealplankartet er arealet i planområdet satt av til noverande LNFR for tiltak basert på gardens ressursgrunnlag. Dysjalandsvegen er vist som ein noverande veg. Rundkøyringa er teikna inn i kommuneplanen.



Figur 4-2: Utsnitt, KPA 2024-2036. Område som vert regulert i denne planen er sirkla inn.

## 4.2 Gjeldande reguleringsplanar

### **Reguleringsplan 1105B for Næringsvegen og drivhus ved Kviamarka, vedtatt 28.08.2008**

Delvis overlappende planområdet i nord, ligg reguleringsplan for Næringsvegen og drivhus ved Kviamarka. I overlappa med denne planen er vegkrysset regulert til køyreveg, mens vidare trasé mot nordaust er regulert til gang- og sykkelveg. I same plan er det regulert gang- og sykkelveg mellom Fv. 44 Nordsjøvegen og Kviamarka næringsområde.



Figur 4-3: Utsnitt av nordleg del av det varsle planområde (raudstipla linje) som överlappar gjeldande reguleringsplan. (Hå kommune, 2019)



Figur 4-4: Oversikt over gjeldande reguleringsplanar i området. (Hå kommune, 2019)

## 4.3 Tilgrensande planer

### **Reguleringsplan 1072A for Bratlandsmarka, vedtatt 16.02.2006**

Noko sør for planområdet ligg ein gjeldande reguleringsplan som mellom anna regulerer Dysjalandsvegen frå bekken Brattlandsåa og mot Varhaug sentrum. I denne planen er det regulert inn fortau på austsida av Dysjalandsvegen.



*Figur 4-5: Utsnitt av sørleg del av det varsle planområde (raudstipla linje) og gjeldande reguleringsplan i sør. Dysjalandsvegen er regulert med fortau på austsiden av vegen. (Kartkjelde: Hå kommune / 1881.no, Norkart 2019)*

### **Reguleringsplan 1136 for gang- og sykkelveg, Grødal-Brottland, vedtatt 11.06.2015**

Regulerer gang- og sykkelveg langs Fv. 44 Nordsjøvegen.

### **Reguleringsplan 1052 for Rv 44 parsell kryss ved Grødal-Brottland, vedtatt 02.04.2009**

Regulerer gang- og sykkelveg langs Fv. 44 Nordsjøvegen.

## 4.4 Temaplanar

### **Vegnorm for Sør-Rogaland, versjon 3 – 10.november 2020**

Vegnorm for Sør-Rogaland gjelder for 12 kommunar, mellom anna for Hå kommune. Vegnormen er felles for kommunane, med nokon avvik for enkelte kommunar.

### **Plan for turnett i Hå kommune, vedtatt i K-sak 85/18 13.12.2018**

Planen viser moglegheiter for å leggja til rette for eksisterande og opparbeide nye forbindningar som knyter saman tur- og friområde med eksisterande turløyper, bustadområde og trafikknutepunkt.

Målet er at turområdene skal vere tilgjengelege for besøkande som kommer til Hå med offentleg transport og andre som begynner turar frå sentrum av tettstadene.

Innfallsposten til dei fleste turområdane ligg ikkje i ein tettstad. Man må ofte bruke gang- og sykkelveg eller gå langs vegkanten for å kome seg fram til innfallspunkt. Det er derfor viktig at kommunen sørger for at turvegforbindingane som går langs høgtrafikkerte veger er trygge og godt merka.

Turnettplanen er eit levande dokument som er tenkt å vere eit verktøy for politikare, saksbehandlarar og planleggjarar i kommunen, og skal fungere som eit grunnlag for avgjerd i saksbehandlinga. Planen skal reviderast kvart fjerde år.

For Dysjalandsvegen er det foreslått at ein opparbeider gang- og sykkelveg mot Kviamarka. Det er skildra at det kan vere ein forenkla standard med 2 meters breidde. Det er videre foreslått at det vert etablert belysning langs Dysjalandsvegen.



Figur 4-6: Konklusjonskart Varhaug. Dysjalandsvagen er markert med forslag til tiltak. Sjå raud pil. (Hå kommune, 2017)

## 4.5 Statlege planretningsliner, rammer og føringar

### Statlige planretningslinjer for klima- og energi(2024)

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og anna stimulera til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvennlig energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet forberedast og vert tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

### Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet(2025)

Hensikten med retningslinene for samordna bustad-, og areal- og transportplanlegging er å oppnå ein betre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging både i kommunane og på tvers av kommunar, sektorar og forvaltningsnivå. Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremma samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikla berekraftige byer og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Retningslinene legg mellom anna vekt på at infrastruktur og framkommeleighet for kollektivtrafikken skal prioriterast i planlegginga. Sykkel og gange skal også styrkes som transportform. Effektivitet, sikker trafikkavvikling og god framkommeleighet for næringstransport, samt universell utforming og tilgjengeleighet for alle skal vektleggast i planlegginga.


### **Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)**

Viktige nasjonale mål for barn og unges oppvekstvilkår er å sikra eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Oppvekstmiljøet skal ha dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ein kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov. Det skal også ivareta det offentlege sitt ansvar for å sikre barn og unge dei tilbod og mogelegheiter som samla kan gje den enkelte utfordringar og ein meiningsfylt oppvekst uansett buplass, sosial og kulturell bakgrunn.

## 5 Skildring av planområdet, eksisterande forhold

### 5.1 Lokalisering

Planområdet ligg sentralt i Hå kommune, like nord for Varhaug sentrum. Dysjalandsvegen går gjennom Varhaug, og fortsett nord for sentrum gjennom eit jordbruksområde. Nord for planområdet ligg Kviamarka næringsområde. Del av Dysjalandsvegen som skal regulerast på om lag 1,5 km.



Figur 5-1: Planområdet sin omtentlege plassering i Hå kommune (Google, 2019).

### 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Planområdet regulerer Dysjalandsvegen, som er ein opparbeida veg i dag, med noko utviding i forhold til dagens veg. I tillegg er sideareal til veg og frisktsoner inkludert i planområdet. Dagens arealbruk, der kor det i dag ikkje er veg, er i all hovudsak av landbruksareal og private bustadomter med tilhøyrande avkøyrsler.

### 5.3 Landskap

Det er ein flat topografi i området, og landskapet er ope og oversiktleg. Dysjlandsvegen går gjennom eit landbruksområde. Langs delar av Dysjlandsvegen er det trer og eldre steingarder. Tidvis er det trer på begge sider av vegen, som lagar alléar i landskapet.

To bekker kryssar planområdet – Rongjabekken og Tvihaugbekken. Like nord for planområdet går Grødalandsbekken.



*Figur 5-2: Allé i Dysjlandsvegen, sett mot nordvest. Lerbrekkvegen kryssar i front (COWI AS, 2019).*



*Figur 5-3: Bru over Tvihaugbekken, sett mot nord. (COWI AS, 2019).*



Figur 5-4: Bru over Rongjabekken, sett mot nord. (COWI AS, 2019).


## 5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Rogaland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har synfart område 10.09.2019. Dei har ikkje avdekt at tiltaket vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne.


Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminne i planområdet, men nær sørleg del av planområdet, ligg eit registrerte kulturminne, som består av ein gravhaug (5044-1 Einarshodl). Vernestatus er uavklart. (Riksantikvaren, 2019)

Langs Dysjlandsvegen er det tre bygg som er registrert som andre SEFRAK-bygningar (bygningar frå før 1900). På gnr. 39, bnr. 10 er Dysjlandsvegen 232 registrert som eit våningshus (Døsjeland), tidfesta til 1800-talet, tredje kvartalet. På gnr. 44, bnr. 41 er Dysjlandsvegen 130 registrert som eit våningshus (Gjerderudla). På same eigedom er ein bygning registrert som ein driftsbygning (Gjerderudla). Begge bygg er tidfesta til 1900-talet, første kvartalet. (Miljødirektoratet, 2019)

Det går eldre steingardar langs med Dysjlandsvegen, stedvis tosidig. På ein strekning er det ein allé langs Dysjlandsvegen, med trer på begge sider av vegen. Alleen går frå krysset med Lerbekkvegen i sør, og om lag 130 meter mot nord.



Figur 5-5: Registrerte kulturminne i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er stiple opp. (Riksantikvaren, 2019)



Figur 5-6: Bygningar frå før 1900 (SEFRAK). Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er stiple opp. (Miljødirektoratet, 2019).




## 5.5 Naturverdiar

Både Rongjabekken og Tvihaugbekken er registrert som lakseførande (anadrome) strekningar. Det er også registrert fangst av sjøaure i bekkane. (Miljødirektoratet, 2019).

Del av Rongjabekken som ligger vest for Dysjalandsvegen, er registrert som eit viktig bekkedrag. Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit intakt bekkedrag med ein tilnærma intakt kantsone i eit intensivt drive jordbrukslandskap. (Miljødirektoratet, 2019). Vasskvalitet i Tvihaugbekken og Rongjabekke er registrert med moderat vasskvalitet. (Miljødirektoratet, 2019).

Om lag 250 meter vest for Dysjalandsvegen, langs med Rongjabekken, ligg det eit beiteområde for rådyr. (Miljødirektoratet, 2019)

Noko vidare mot vest, omlag 550 meter ifrå Dysjalandsvegen, ligg eit område med rik edellauvskog. (Miljødirektoratet, 2019)




Figur 5-7: Naturverdiar i området. Vegareal som er foreslitt regulert i denne planen er stipla opp. (Miljødirektoratet, 2019)


## 5.6 Landbruk

Areala langs Dysjalandsvegen er i hovudsak registrert som fulldyrka jord. Noko mindre areal er registrert som innmarksbeite. Areal for innmarksbeite er areal som ikkje er fulldyrka i dag, men som kan fulldyrkast. Ved oppdyrkning kan areala settast i slik stand at dei vil halde krava til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking.

Det meste av jordbruksareala langs med Dysjalandsvegen er verdsett med svært god jordkvalitet. Areala med svært god jordkvalitet, er jordbruksareal som er lettdrivne og som normalt sett gir gode og årvisse avlingar av kulturvekstar tilpassa det lokale klimaet. Det forutsette at areala med grøftebehov har fungerande grøftesystem og at områder som er noko utsett for tørke blir kunstig vatna. Jordbruksareal i denne klassen har mindre enn 20 prosent helling. (NIBIO, 2019)



Figur 5-8: Arealtype i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NIBIO, 2019)



Figur 5-9: Dyrkbar jord i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NIBIO, 2019)



Figur 5-10: Jordkvalitet i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NIBIO, 2019)

## 5.7 Trafikkforhold

### Vegsystem

Den del av Dysjlandsvegen som skal regulerast er ein kommunal veg, som gjer tilkomst til eit avgrensa tal bustader og landbrukseigedomar. Vegen har i dette området ein asfaltert breidd på om lag 4 meter. Dysjlandsvegen har i dag ei fartsgrense på 60 km/t, og er utan eiga løysing for gåande og syklande. Vegen har ein låg ÅDT (anteke < 200). Dysjlandsvegen har til tider ein del tunge køretøy, då det er landbruksstrafikk i området. Tilgrensande vegen er det jordbruksareal, gardstun og bustadeigedomar. På delar av strekningen går det steingardar langs vegen.

Dysjlandsvegen kan nyttast som omkjøringsveg dersom Fv. 44 Nordsjøvegen er stengt. Ein reknar ikkje med at denne omkjøringsmogelegheita er i hyppig bruk, då vegen er smal og noko kupert, og då krysset med Fv. 44 ikkje er optimalt.

Vest for planområdet går Fv. 44 Nordsjøvegen, som er hovudvegen gjennom kommunen. Aust for planområdet går Opstadvegen, som er ein kommunal veg som koplar Varhaug og Nærbo. Sentralt gjennom både Varhaug og Nærbo går toglinna.

### Trafikksikkerheit for mjuke trafikantar

Det er eit eksisterande tilbod for mjuke trafikantar i dag mellom Varhaug og Nærbo, i form av ein etablert gang- og sykkelveg i aust Langs Opstadvegen. I vest, langs Fv. 44 Nordsjøvegen, er gang- og sykkelveg under bygging. Gang- og sykkelveg langs Nordsjøvegen vil kopla Varhaug og Nærbo saman i vest for mjuke trafikantar.

Ettersom det er bustader i området, vil det vere skulebarn som nyttar Dysjlandsvegen til skuleveg.

**Det er ikkje markert overgang for å krysse Lerbrekkvegen i krysset Lerbrekkvegen/Dysjlandsvegen. Fartsgrensa på strekninga er 80km/t, det er en høy**

fart for å krysse vegen for myke trafikkantar.



### Ulykkessituasjon

Det er registrert ei ulykke i krysset Lerbrekkvegen/Dysjlandsvegen i 2022. Ulykkestype er «ulykke ved kryssande køyereretning utan avsvingning». Kommunedirektøren har også fått opplyst at det har skjedd flere ulykker i det samme krysset, uten at disse er blitt rapportert til politiet. Tilgrensende grunneiere til krysset forteller at flere kjøretøy har havnet ut på jordene deres.

### Kollektivtilbod

Det går ikkje kollektivtrafikk i Dysjlandsvegen, men skulebarn i området får i dag gratis skyss til skulen.

Det er haldeplass for tog i både Varhaug og Nærø, men ingen stopp imellom dei to stadane. Elles er det haldeplass for buss mellom anna fleire stader i Varhaug, langs Opstadvegen og langs Fv. 44 Nordsjøvegen.



Figur 5-11: Området sett i skrå vinkel mot nord. Planområdet er sirkla inn. (Google, 2019)

## 5.8 Barn og unges interesser

Det er spreitt busettnad i, og i direkte nærleik til planområdet.

I det skoleadministrative systemet er det registrert 22 barn som har adresse Dysjlandsvegen nord for Lerbrekkvegen. Fem av desse er under skolealder. Ein kan dermed anta at det er om lag 17 barn og unge i barne- og ungdomsskulealder som brukar Dysjlandsvegen til skuleveg.


Ein kan også anta at Dysjlandsvegen vert brukt av barn og unge på fritida.

Det er mogleg å ferdast nordover mot Nærø, ved å gå på gang- og sykkelveg gjennom Kviamarka næringsområde, og vidare på lite trafikkerte veger.

## 5.9 Sosial infrastruktur

I Varhaug sentrum ligg Varhaug skule (barneskule), Varhaug ungdomsskule og fem barnehagar. Her ligg også mellom anna Varhaug idrettspark. På Varhaug skule er det eit kombinasjonsbibliotek. Her held og Lensmannsløa ungdomsklubb og Varhaug idrettslag til, og Hå kulturskule har undervisning her.

I Nærbø ligg Motland skule (barneskule), Bø skule (barneskule) Nærbø ungdomsskule, Tryggheims ungdomsskule, Tryggheim vidaregåande skule og sju barnehagar. Her ligg og mellom anna hovudbiblioteket, Nærbø symjehall, Stampen terapibasseng, Idrettslunden fotballanlegg, Nærbø samfunnshus og to treningssentre. Her held og Loen ungdomsklubb, Nærbø Sykleklubb, Nærbø Symjeklubb, Nærbø Idrettslag, Nærbø Rideklubb, Nærbø Turnforening til, og Hå kulturskule har undervisning her.



Figur 5-12: Utsnitt av skulekrinsane i Hå. (Hå kommune, 2019)

## 5.10 Universell tilgjengeleighet

Det er ikke tilrettelagt for eiga areal for mjuke trafikantar i dagens situasjon, og ferdsel skjer i dag i køyreveg og vegkant.

## 5.11 Teknisk infrastruktur

Langs delar av Dysjlandsvegen går det i dag ein vassleidning. Vassleidninga er kopla til Varhaug sentrum, og like sør for Rongjabekken går leidninga mot aust. Spillvassleidning går delvis i veg og delvis utanfor veg. Det ligg føre planar om å leggja ned ny vassleidning i Dysjlandsvegen. Det er planlagt at anlegg for nedlegging av ny leidning og opparbeiding av ny veg, skal samkøyrast. Sjå Figur 5-13.

Langs Dysjlandsvegen ligg det nedgravne høgspentkablar. Bygga langs med vegen er kopla til høgspentnettet med eigne lågspentkablar. Det ligg to nettstasjonar i området, ein ved Dysjlandsvegen 185 og ein ved Dysjlandsvegen 247. Begge ligg på austsida av vegen.


Det er ikke planlagt å leggja ned fjernvarme i vegen.



Figur 5-13: Vassleidning er vist med blå line, spillvassleidning med grøn line og overvassleidning med sortstipla line. Planområdet er sirkla inn. (Hå kommune, 2019)

## 5.12 Grunnforhold

Lausmassekart indikerer at det i området hovudsakeleg vert treft på morene (NGU, 2019). Det er ganske sjeldan at det vert treft på blåte massar under morene og generelt i området rundt Varhaug finnes det svært harde morene med høge styrker.




Figur 5-14: Lausmassekart. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NGU, 2019)

## 5.13 Støyforhold og luftforureining

Det er lite trafikk i Dysjalandsvegen, og ein reknar ikkje med at det er nemneverdig støy eller luftforureining i området som følgje av vegtrafikk.

Kartlegging av støy på tilgrensande veg Lerbrekkvegen, samt Dysjalansvegen sør for denne, indikerer at det er lite vegstøy i planområdet. (Statens vegvesen, 2019)

Lerbrekkvegen er registrert med 300 ÅDT, mellom Fv. 44 Nordsjøvegen og Dysjalandsvegen. Aust for Dysjalandsvegen er Lerbrekkvegen registrert med 100 ÅDT. (Statens vegvesen, 2019)




Figur 5-15: Støyvarselkart. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (Statens vegvesen, 2019)

## 5.14 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

### Flaumfare

Tvihaugbekken og Rongjabekken er registrert med aktsemd for flaum. (NVE, 2019)



Figur 5-16: Aktsemeldskart for flaum. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NVE, 2019)

## 6 Skildring av planforslaget

### 6.1 Planlagt tiltak

Det er planlagt for etablering av ein ny gang- og sykkelveg/nytt fortau langs med eksisterande veg, samt noko justering av dagens vegareal. Det er utarbeida to ulike løysingar for planen; alternativ 1 og alternativ 2.

#### Alternativ 1:

I hovudsak er veganlegget planlagt med 5,0 meters køyrebane, 1,5 meters rabatt og 2,5 meters gang- og sykkelveg. Veganlegget er innsnevra, utan rabatt, for å ta omsyn til etablert trafostasjon og ny bru over Rongjabekken. I nord, går løysinga over til ein veg på 4,0 meter, for mjuke og harde trafikantar ferdast på det same arealet.


#### Alternativ 2:

Veganlegget er planlagt med 5,0 meters køyrebane og 2,5 meters fortau. I nord, går løysinga over til ein veg på 4,0 meter, for mjuke og harde trafikantar ferdast på det same arealet.

Ny gang- og sykkelveg/nytt fortau er lagt på austsida av dagens veg. Dette for å tilpassa seg dagens fortau sør for Lerbekkvegen, og for å få minst mogleg kryssingspunkt av køyreveg i nord.

Vegen kryssar to bruer. Den sørlegaste bruva går over Tvihaugbekken, mens den nordlegaste bruva går over Rongjabekken. Ved den sørlegaste bekken, Tvihaugbekken, er det anbefalt at ein behandler eksisterande bru og etablerer ein ny separat gang- og sykkelbru. Ved den nordlegaste bekken, Rongjabekken, er det anbefalt at ein etablerer ein ny bru. Bruene skal sikrast med rekksverk.

Dysjlandsvegen er kopla til fylkesveg 4350 Lerbekkvegen i sør. Hå kommune har hausten 2019 søkt om at fartsgrensa på Fylkesveg 4350 Lerbekkvegen vert satt ned frå 80 km/t til 50 km/t forbi krysset med Lerbekkvegen. Statens vegvesen har meldt tilbake i saken i desember 2019, om at dei meiner det er riktig å behalda generell fartsgrense i dette området, som er 80 km/t utanfor tettbygde strøk. Statens vegvesen har gjort ein vurdering, og visar til at det er avgrensa med trafikk i området, og det ikkje er rapportert om personskadeulykker i det aktuelle kryssområdet. Planforslaget legg opp til kryssing for mjuke trafikantar over Lerbekkvegen, og ettersom fartsgrensa ikkje vert redusert, anbefala plankonsulent at andre fartsreduserande tiltak vert satt i verk. Statens Vegvesen har ved fleire høve ikkje anbefalt tilretteleggjing utover nedseinka kantstein, fordi dette kan gje falsk oppleving av tryggleik, når trafikken er låg og fartsgrensa høg. Ved eit lågare fartsnivå kan merking, oppheving av kryssingspunkt vurderast.



Figur viser dagens fartsgrenser, Rådmannen ynskjer 50 km/t ca 170m på kvart side av krysset der det er 80 km/t i dag.

Høgder for 200-årsflaum er vurdert, men det er i tillegg anbefalt at det vert gjennomført ein ytterlegare hydrologisk berekning, for å kvalitetssikra vurderingane som er gjort. Det skal vere minst 0,5 meter klarings frå vasstand ved 200-årsflaum og bru, etter krav i handbok. (Statens vegvesen, 2015)

Sjå vedlagt tekniske vegteikningar for prosjektet, for nærmare detaljar.

#### Rundkøring:

Planendring 2025 gjeld regulering av rundkøring i krysset mellom Lerbrekkvegen og Dysjlandsvegen. Diameteren i rundkøring er satt til 25 meter. Dette avviker frå krav i N100, men er det er sendt avvikssøknad til fylket som har blitt innvilga. Rundkøringa har også overkjørbart sideareal langs alle veiarmene for å få tilstrekkeleg avbøyings geometri. Det er tegna inn fortau langs Dysjlandsvegen med tilrettelagt kryssinng med trafikkøy for Lerbrekkvegen. LNF og annen veigrunn er også tegna inn. Sjå vedlagt tekniske vegteikningar for nærmare detaljar om rundkøringa.

### 6.1.1 Val av løysing

Administrasjonen i Hå kommune gjennomførte tidleg i prosessen møter med grunneigarar i planområdet. Det var stor samstemd om at det mest hensiktsmessige ville vere å leggja til grunn ein smal løysing for vegen.

Politikarane i Hå kommune har gjort fleire vedtak i saken, og det er ynskje om ein trafiksikker løysing for barn og unge. Politikarane har vedtatt at det i Dysjlandsvegen skal planleggjast for ein brei løysing med gang- og sykkelveg og rabatt. Ved første gangs behandling av planforslaget vart det vedtatt at ein til offentleg ettersyn i tillegg skal leggja ut ei alternativ løysing til planforslag, som legg opp til noko mindre inngrep. Den alternative løysinga er med fortau i staden for gang- og sykkelveg, og er utan rabatt. Vegbreidda er lik i dei to alternative løysingane. Meir om dette i avsnitt 2.3.

Administrasjonen i Hå kommune har lagt politiske vedtak og føringer til grunn for val av løysing. Hå kommune har underveis i prosessen vore i dialog med grunneigarar i

nord, ved silo, for å tilpassa løysing i dette området best mogleg til deira ynskjer og behov. I tillegg har det vore lagt til grunn at vegen skal ta mest mogleg omsyn til dei private bustadeigedomane, med det tverrsnittet som er lagt til grunn.

Det har undervegs i prosessen vore vurdert ein smalare løysing. Løysinga la opp til ein smalare veg, med møteplassar, og eit fortau med kantstein. Løysinga var utan rabatt. Det var vurdert at løysinga ga ein god trafikksikkerheit, minimalt med inngrep

i landbruksareal og private bustadeigedomar, samt at den sparte landskapstrekka ved at ein kunne unngå å fjerna trer og steingardar.

### 6.1.2 Arealoppgåve

I utrekningane i dette kapittelet har ein lagt til grunn at areal utanfor veganlegget som ikkje er bustadomter eller gardstun, er jordbruksareal. Her vil det kunne vera variasjonar (beiteareal, dyrkbart areal, etc.), som ein ikkje går inn på. Ein har ikkje rekna med areal kor det er etablerte veger (både offentlege og private) i dagens situasjon.

Jordbruksareal vert omregulert til veganlegg, areal som er i bruk til bustadomter og gardstun vert omregulert til veganlegg.

Vidare er det regulert landbruksføremål langs med veg, kor ein opnar for at det kan etablerast skråningsutslag. Skråningsutslaget som er skissert opp, har ein helling på 1:2. Ein vurderer det som sannsynleg at kommunen vil kunne etablera eventuelle skrånningar med ein slakare helling enn dette (eksempelvis 1:7), som gjer at arealet og i framtidig situasjon kan nyttast som jordbruksareal. Det vil og vere mogleg å etablera mindre murar, som gjer at det ikkje vert naudsynt med skråningsutslag. Løysingane vil ein kunne sjå nærmare på når det vert aktuelt å realisera planforslaget.

Statens vegvesen har i merknad til varsel om oppstart uttalt at det skal settast av eit areal på 3,0 meter til annen veggrunn langs Lerbrekkvegen. I planforslaget utgjer dette om lag 480 m<sup>2</sup>. Reguleringa mogeleggjer at arealet kan nyttast til sideareal for veg. Det er sikra med føresegn at dei arealet som det ikkje er naudsynt å nyta til sideareal for veg kan inngå i tilgrensande landbruksareal.

Alternativ 1:

Omlag 3800 m<sup>2</sup> jordbruksareal vert omregulert til veganlegg. Omlag 600 m<sup>2</sup> areal som er i bruk til bustadomter og gardstun vert omregulert til veganlegg.

Planforslaget legg opp til at det *kan* etablerast skråningsutslag på omlag 2000 m<sup>2</sup> jordbruksareal og på om lag 350 m<sup>2</sup> areal som er i bruk til bustadomter og gardstun.

Alternativ 2:

Omlag 2350 m<sup>2</sup> jordbruksareal vert omregulert til veganlegg. Omlag 400 m<sup>2</sup> areal som er i bruk til bustadomter og gardstun vert omregulert til veganlegg.

Planforslaget legg opp til at det *kan* etablerast skråningsutslag på omlag 2100 m<sup>2</sup> jordbruksareal og på om lag 350 m<sup>2</sup> areal som er i bruk til bustadomter og gardstun.

	Alternativ 1	Alternativ 2
<b>Arealbeslag som følge av nytt veganlegg</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
Jordbruksareal	3795	2364
Bustadomter og gardstun	568	380

<b>Sum</b>	4363	2744
<b>Skråningsutslag</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
Jordbruksareal	2051	2141
Bustadtomter og gardstun	361	333
<b>Sum</b>	<b>2412</b>	<b>2474</b>
<b>Sideareal langs fylkesvegen</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
Jordbruksareal	477	479

Sjå elles kapittel 6.5 for landbruksfaglege vurderinger av planforslaget.

Rundkøyring:

<b>Arealbeslag som følge av rundkøyring- Utan areal regulert til annen veggrunn i gjeldende plan</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
Eksisterende vegareal i planområdet	1752,3
<b>Areal som omreguleres til vegformål</b>	<b>744,8</b>
<b>Areal som omreguleres til annen veggrunn grønt</b>	<b>1340,7</b>
Totalt andre formål enn LNFR	3837,8
Areal som avsettes til midlertidig anleggsbelte som skal tilbakeføres	5603,7
Totalt areal i planen	9441,5
<b>Totalt jordtap</b>	<b>2085,5</b>

<b>Arealbeslag som følge av rundkøyring- Med areal regulert til annen veggrunn i gjeldende plan</b>	<b>Areal (m<sup>2</sup>)</b>
Eksisterende/regulerlt vegareal i planområdet	2198,3
<b>Areal som omreguleres til vegformål</b>	<b>566</b>
<b>Areal som omreguleres til annen veggrunn grønt</b>	<b>1079,8</b>
Totalt andre formål enn LNFR	3837,8
Areal som avsettes til midlertidig anleggsbelte som skal tilbakeføres	5603,4
Totalt areal i planen	9447,5
<b>Totalt jordtap</b>	<b>1645,8</b>

## 6.2 Planlagt arealbruk

### 6.2.1 Reguleringsføremål

Planen regulerer området til formål som skildra i tabellane under, høvesvis for alternativ og alternativ 2.

Reguleringsformål, alternativ 1	SOSI-kode	Areal
Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Veg (SV)	2010	862 m <sup>2</sup>
Kjøreveg (SKV)	2011	6853 m <sup>2</sup>
Gang-/sykkelveg (SGS)	2015	3070 m <sup>2</sup>
Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	2018	1905 m <sup>2</sup>
Annen veggrunn – grøntareal (SVG)	2019	481 m <sup>2</sup>
Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift		
Landbruksformål (LL)	5110	3868 m <sup>2</sup>
NR. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone		
Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)	6610	241 m <sup>2</sup>

Reguleringsformål, alternativ 2	SOSI-kode	Areal
Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Veg (SV)	2010	869 m <sup>2</sup>
Kjøreveg (SKV)	2011	6871 m <sup>2</sup>
Fortau (SF)	2015	3104 m <sup>2</sup>
Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	2018	299 m <sup>2</sup>
Annen veggrunn – grøntareal (SVG)	2019	481 m <sup>2</sup>
Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift		
Landbruksformål (LL)	5110	3926 m <sup>2</sup>
NR. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone		
Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)	6610	238 m <sup>2</sup>

Reguleringsformål, rundkøyring	SOSI-kode	Areal
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>		
Kjøreveg (KV)	2011	1688,6 m <sup>2</sup>
Fortau (FO)	2012	295,7 m <sup>2</sup>
Annen veggrunn – tekniske anlegg (AVT)	2018	442,9 m <sup>2</sup>
Annen veggrunn – grøntareal (AVG)	2019	1416,5 m <sup>2</sup>
<b>Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift</b>		
Landbruksformål (LNFR)	5100	5604,2 m <sup>2</sup>

## 6.2.2 Gjennomgang av reguleringsføremåla

### 6.2.2.1 Samferdsel og teknisk infrastruktur

Vegareal kor det ikkje er eit separat tilbod for myke trafikantar er regulert med føremål **veg (SV)**, mens vegareal der kor det er eit separat tilbod er regulert med føremål **køyreveg (SKV)**. Veg er 4,0 meter brei, og køyreveg er 5,0 meter brei.

Alternativ 1 er regulert med føremål **gang- og sykkelveg (SGS)** frå Lerbrekkvegen i sør og omrent til Dysjalandsvegen 243 i nord. Gang- og sykkelveg er regulert med ein breidde på 2,5 meter. I alternativ 1 er det regulert inn rabatt på 1,5 meter mellom køyreveg og gang- og sykkelveg med føremål **annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT)**. Areala skal fungera som grøft til veganlegget. Det er mogleg å etablere steingardar i arealet, der disse blir råka av veganlegget og der dette er hensiktsmessig å flytta dei.

Alternativ 2 er regulert med **fortau (SF)** frå Lerbrekkvegen i sør og omrent til Dysjalandsvegen 243 i nord. I alternativ 2 er det ikkje regulert inn rabatt. Fortauet er regulert med ein breidde på 2,5 meter.

Eit tre meter breitt sideareal er regulert langs med fylkesvegen, med føremål **annen veggrunn – grøntareal (SVG)**. Dette er i tråd med uttale frå Statens vegvesen ved varsel om oppstart av planarbeid.

### 6.2.2.2 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift

Eksisterande jordbruksareal er regulert med føremål **landbruksformål (LL)**. Areala er inkludert i planen for å få regulert frisikt i vegkryss, samt for å sikra naudsnyt areal til etablering av skråningsutslag langs med veg.

Frisikt som er ein omsynssone som er vist med skravur i plankartet. For landbruksarealet vert føresegna i kommuneplan gjort gjeldande, dersom dette ikkje strid mot føresegna gitt til denne detaljreguleringa.

Langs med veg er det i dei vegtekniske teikningane vist skråningsutslag med helling 1:2 langs med veg. Det same arealet er regulert inn i plankartet med føremål **landbruksformål (LL)**, med tilhøyrande føresegner som seier at det her kan etablerast skråningsutslag og andre nødvendige sideareal til veg. Det skal leggjast til rette for at dei arealet som det ikkje er naudsnyt å nytt til sideareal for veg kan inngå i tilgrensande landbruksareal. Det er mogleg å etablera steingardar i arealet, der disse blir råka av veganlegget og der det er hensiktsmessig å flytta dei, og det er mogleg å planta tre innanfor arealet. Langs med bekkeløp kan det etablerast støttemurar mot bekke. I skrånningar ned mot bekkar kan det bli aktuelt med

erosjonssikring.

**6.2.2.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone**  
Bekkane i planområdet er regulert med føremål **naturområde i sjø og vassdrag (VN)**. Ved fysiske tiltak i vassdrag skal det foreligge løyve fra vassdragsmyndighet. Det må søkjast om løyve til utslepp av anleggsvann, i høve forureiningslova.

#### 6.2.2.4 Omsynssoner

Frisiktlinjer er regulert i alle kryss, og møtesikt er regulert langs med veg rundt silo i nord. **Sikringssone for frisikt (H140)** er regulert på areala mellom frisiktlinje og køyreveg. Innanfor frisiktsonane skal det vere fri sikt i ein høgd frå 0,5 til 2,7 meter over tilstøytane vegbaner. Enkeltståande trer, stolpar og liknande kan stå i sikttrekanten. Enkeltståande trer i sikttrekanten bør oppstammes slik at trekrona ikkje hindrar sikt.

Faresonar for flaum er regulert i områda ved Rongjabekken og Tvihaugbekken, i tråd med aktsemdeskart for flaum (NVE, 2019). Det skal sikrast trygg vassføring i bekkene.

Langs bekkene er det regulert inn sonar for **hensyn grønnstruktur (H540)**. Innanfor desse sonene skal så mykje som mogleg av kantvegetasjonen på staden haldast intakt.

#### 6.2.3 Utforming av veger (bredde og stigningsforhold, avvik fra vegnormalen beskrives)

Det er vurdert at Dysjlandsvegen (o\_SKV1) faller inn under dimensjoneringsklasse "Sa2 Samleveger" gitt i vegnorm for Sør-Rogaland (NKF Nettverksgruppe Sør-Rogaland, 2017).

Planlagt veg avviker frå vegbreiddene vist for Sa2 i vegnormen. Det er avtalt med Hå kommune at en legger eit smalare tverrsnitt til grunn enn det vegnormen tilseier, ettersom det er lav ÅDT, samt for å betre kunne unngå store inngrep i mur, trer og landbruksjord.

Kryss med fylkesveg 4350 Lerbrekkvegen i sør er dimensjonert for lastebil (radius 9 meter), mens kryss med veg i nord er dimensjonert framkommeleg for semitrailere (radius omtrent 12 meter). På veg rundt silo i nord er breiddeutviding dimensjonert for semitrailere.


For kryssing av bekken Tvihaugbekken, den sørlegaste av dei to bekkane som veganlegget kryssar, er det regulert inn bredder som gir moglegheit for å etablere ein separat køyrebru og ein separat gang- og sykkelbru. Køyrebrua vil vere 5,0 meter + rekkverksrom. Gang- og sykkelbru vil vere 3,0 meter + rekkverksrom. Ved å leggja opp til to separate bruer vil det vere mogleg til å etablere bruene ved ulike tidspunkt. Eksempelvis kan det ved etablering av tiltaket bli aktuelt å behalda dagens køyrebru og etablira ny gang- og sykkelbru over denne bekken. Dagens bru er vurdert å ha noko levetid att, og kan dermed nyttast en god stund til. Det er ikkje plass til løysing for gåande og syklande på dagens bru, så dette må etablerast parallelt. Sjå vedlagt notat for bruer for meir informasjon ("Reguleringsplan gang- og sykkelveg Dysjlandsvegen: Bruer Tvihaugbekken og Rongjabekken", datert 09.09.2019).

Bru over Rongjabekken er vurdert å vere moden for utskifting. Det er derfor foreslått at ein etablerer ein ny brukonstruksjon.

Under bru over Tvihaugbekken og Rongjabekken skal ein ha ei lysopning tilsvarende 0,5 meter over vasstand ved 200-årsflaum. Foreløpig berekning av vasstand ved 200-årsflaum (Hå kommune, 2019), tilsvara at underkant bru over Tvihaugbekken skal ha kote 37,2 m.o.h. (0,5 meter over berekna vasstand ved 200-årsflaum på kote 36,7 m.o.h.) og at underkant bru over Rongjabekken skal ha kote 37,5 m.o.h. (0,5 meter over berekna vasstand ved 200-årsflaum på kote 37,0 m.o.h.) Det er sikra i føresegna at nærmare berekningar skal gjerast ved hydrologisk dataanalyse.

Like nordvest for begge dei to bruane ligg det to avkjørsler som vil få hindra sikt ut frå avkjørsel ved etablering av bru- og vegrekker. Ved å sette ned fartsgrensa til 30 km/t over bruene vil frisiktsituasjonen bli akseptabel. Det kan og vera mogleg å vurdere mindre omlegging av disse avkjørslene. Hå kommune vurdera at dei kan finne akseptable løysingar ved etablering av tiltaka. Det er i føresegna sikra at det skal vere fri sikt i tråd med kommunale krav.

Veg o\_SV som slyngar seg rundt siloen på eigedom gnr. 39, bnr. 1, har eit tverrsnitt på 4,0 meter + eventuell breiddeutviding tilpassa sporing for semitrailer. Denne vegen skal nyttast som eit kombinert areal for gåande, syklende og køyrane, ettersom den har svært liten motorisert trafikk.



Figur 6-1: Normalprofil for veg som går heilt nord i planområde, jf. veg "63000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SV" i plankart.


Det vises elles til vedlagte tekniske vektninger for prosjektet.

### 6.2.3.1 Alternativ 1


Planlagt veganlegg er tilpassa dagens kryss med Lerbrekkvegen. Etter om lag 50 meter er veganlegget forskyvd noko mot vest i forhold til dagens situasjon, for å tilpassa seg bustadeigedomar. Etter om lag 350 meter er vegen forskyvd tilbakk mot aust, for igjen å tilpassa seg til bustadeigedomar.

Vegen har ein bredd lik 5,0 meter køyrebane inkludert skulder + 1,5 meter rabatt i form av ein grøft + 2,5 meter brei gang- og sykkelveg. Vegen vil ha eit smalare tverrsnitt ved trafo (ved Dysjlandsvegen 185), kor rabatt er tatt bort og erstatta av kantstein. Planforslaget legg videre til rette for kryssing av veg ved bruk av nedsenka kantstein utan rabatt i områder myke trafikantar naturlig vil krysse.

Vegens tverrsnitt vert smalna inn ved bruovergang over Rongjabekken. Tverrsnittet vil her inkludere 5,0 meter køyrebane + 2,5 meter fortau med kantstein + rekksverksrom.




Figur 6-2: Normalprofil for rettstrekket av Dysjalandsvegen, frå Lerbekkvegen i sør og til kryss i nord, jf. veg "23000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SKV1" i plankart.



Figur 6-3: Innsnevra tverrsnitt forbi trafo ved Dysjalandsvagen 185, jf. veg "23000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SKV1" i plankart.

Kryssande veg o\_SKV2 i nord, har ein bredd lik 5,00 meter køyrebane inkludert skulder + 1,50 meter rabatt i form av en grøft + 2,5 meter gang- og sykkerveg. Det er lagt inn breiddeutviding for einsidig veg i horisontalkurvar og kryss langs streknet frå kryss med Dysjalandsvagen (o\_SKV1) og austover. Vegen tilpassar seg eksisterande veg i vest og aust.




Figur 6-4: Normalprofil for veg som går frå kryss i nord og i aust-vest gående retning, jf. veg "22000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SKV2" i plankart.

### 6.2.3.2 Alternativ 2


Planlagt veganlegg er tilpassa dagens kryss med Lerbrekkvegen. Veganlegget er lagt ganske langstrakt, og det er lagt opp til mindre sideforskyvingar for å tilpassa seg bustadeigedomar.

Vegen har ein bredd lik 5,0 meter køyrebane inkludert skulder + 2,5 meter breitt fortau. Veganlegget går klar av trafo (ved Dysjlandsvegen 185). Planforslaget legg il rette for kryssing av veg ved bruk av nedsenka kantstein i områder mjuke trafikantar naturlig vil krysse.

Det bør etablerast avisande kantstein på minimum 12 cm mellom køreveg og fortau når fartsgrensa er 50 km/t eller høgare. (Statens vegvesen, 2019)




Figur 6-5: Normalprofil for rettstrekket av Dysjlandsvegen, frå Lerbrekkvegen i sør og til kryss i nord, jf. veg "24000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SKV1" i plankart.



Figur 6-6: Tverrsnitt over bru med Tvihaugåna, jf. veg "24000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SKV1" i plankart.

Kryssande veg o\_SKV2 i nord, har ein bredd lik 5,00 meter køyrebane inkludert skulder + 2,5 meter fortau. Det er lagt inn breiddeutviding for einsidig veg horisontalkurvar og kryss langs strekket frå kryss med Dysjlandsvegen (o\_SKV1) og austover. Vegen tilpassar seg eksisterande veg i vest og aust.



Figur 6-7: Normalprofil for veg som går fra kryss i nord og i aust-vest gående retning, jf. veg "25000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o\_SKV2" i plankart.

### 6.2.3.3 Rundkøyring

Rundkøyringa fraviker fra diameter på rundkøyring oppgitt i vegnormalen. Diameteren er satt til 25 meter, vegnormalen krever 30 m. Det er sendt inn fravviksøknad til fylket på dette og kommune har fått det innvilga.

## 6.3 Miljøoppfølging

Det er lagt inn ei rekke avbøtande tiltak for å sikra omsynet til miljø i planen. I føresegna er følgjande sikra:

Tema	Avbøtande tiltak
Matjord og landbruk	<p>Matjord skal så langt det er mogleg takast vare på. Der matjord må fjernast som følge av tiltaket, skal jordmassane sikrast forsvarleg gjenbruk i nærområdet, primært til jordbruksformål.</p> <p>Det må utførast ein grundig reingjering av maskinar og utstyr som sikrar at all jord og planterestar er fjerna før flytting mellom eigedomar. Grundig skyljing av maskiner og utstyr skal vere tilstrekkeleg. Vaskerutinar vert avklart med Mattilsynet.</p> <p>Jord kan ikkje flyttast mellom eigedomar eller ut av anleggsområdet.</p> <p>Det skal leggjast til rette for at dei areala som det ikkje er naudsynt å nytt til sideareal for veg kan inngå i tilgrensande landbruksareal.</p>

<b>Kantvegetasjon langs vassdrag</b>	Så mykje som mogleg av kantvegetasjonen på staden skal haldast intakt.  Gravearbeid og fjerning av kantvegetasjon bør avgrensast så mykje som mogleg. Der kantvegetasjon vert skada/fjerna på grunn av anleggsarbeid, skal den reetablerast så raskt som mogleg etter tiltak, i den grad det lar seg gjera. Til toppdekke skal det nyttast stadeigne massar. Dette sikrar frøbank og levande plantemateriale fra
--------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

	<p>stadeigne artar. Det øvste jordlaget (øvste 20-30 cm) skal gravast av og lagrast, for og leggjast tilbake. Terrenget skal ha en naturleg utforming med kupert overflate for å gjenskapa variasjon i markfuktigkeit, topografi og eksposisjon.</p> <p>Sikringsgjerde for å verna eksisterande kantvegetasjon langs vassdrag skal settast opp før anleggsarbeid startar.</p>
Vassdrag	<p>Ved tiltak i bruer skal skråningane i vassdrag i tilstrekkeleg grad erosjonssikrast. Naturleg elvebotn må sikrast på aktuelle kryssingspunkt.</p> <p>Midlertidige sedimentteringsløysingar for anleggsfasen skal i tilstrekkeleg grad etablerast, for å hindra tilslamming av elvelaupa.</p> <p>Sikringsgjerde for å verna eksisterande kantvegetasjon langs vassdrag skal settast opp før anleggsarbeid startar.</p> <p>Tiltak i bekkeløp krev løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Eventuelle inngrep i kantvegetasjon langs vassdraga krev avklaring etter vassressurslove § 11. Løyve frå vassdragsmynde skal leggjast ved søknad om igangsetting.</p>
Anleggsfase	<p>Massar som vert grave vekk skal sidelagrast og førast tilbake der det er mogleg.</p> <p>Avrenning til vassdrag i anleggsfasen skal avgrensast, eksempelvis ved bruk av sedimentteringsbasseng og/eller siltgardin. Det er viktig at tilhøva i vassdraga ikkje blir ytterlegare forringa som følgje av planlagde tiltak. Naturleg elvebotn må sikrast på aktuelle kryssingspunkt, og det må vere fokus på å hindre tilslamming av elveløpa.</p> <p>Anleggsarbeid i tilknyting bruer og vassdrag skal gjennomførast i tidsrommet juni- september, utanom følsam periode for fisk.</p> <p>Ved gjennomføring av anleggsfasen skal ein sikra hensiktsmessig drift for landbruk.</p> <p>Støyretningslinje T-1442 skal følgjast i bygge- og anleggsfasen.</p>

	Areal som har vore nytta i forbindelse med anleggsarbeid skal først tilbake til eksisterande kvalitet så fort aktuell bruk hører opp.
--	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 6.4 Universell utforming

Planlagt veg og gang- og sykkelveg/fortau i planområdet er tilrettelagt for universell tilgjengeleghet ved at stigning for gang- og sykkelveg/fortau ikke overskrid anbefalt stigning for gangvegar utanom sentrumsområde (Statens vegvesen, 2014), samt gjeldande krav for universell utforming i Tek17. Det er vidare tilrettelagt for kryssing av veg ved bruk av nedsenka kantstein.

## 6.5 Landbruksfaglege vurderinger

Planen og vegløysinga legg i hovudsak opp til at dagens veganlegg vert utvida. Dette fører til at ein får relativt smale stripar med inngrep i jordbruksareal langs med veg. For informasjon om korleis arealutrekningane som er lagt til grunn i dette kapittelet er gjort, sjå kapittel 6.1.2.

Nord i planområdet, omtrentleg frå eigedom gnr. 39, bnr. 9, legg planen opp til at ny køyreveg vert lagt utanom trasé for dagens køyreveg. Dette resulterer i at ein får eit større inngrep i jordbruksareal her, enn i resten av planområdet. Omlegging av veg er gjort for å få trafikk utanom tunet til Dysjalandsvegen 241 og 243, ettersom det her er smalt og mykje gardsaktivitet med landbruksmaskinar. Sjå *Figur 6-8* og *Figur 6-9*.

På eigedom gnr. 39, bnr. 1 er arealet registrert som fulldyrka jordbruksareal med svært stor verdi. Ny veg vil legge beslag på rundt 320 m<sup>2</sup> jordbruksareal der vegen vert ført frem, og omlag totalt 380 m<sup>2</sup> om ein og reknar med areala som er regulert til landbruksføremål kor det er tillate med skråningsutslag og tilpassingar. I tillegg vil ny veg avskjera om lag 750 m<sup>2</sup> av dagens samanhengande jordbruksareal (ikke medrekna areal kor silo står). Om ein reknar sammen alle desse areala, vil dei totale inngrepa for eigedom gnr. 39, bnr. 1 vera på om lag 1,1 dekar.

På eigedom gnr. 39, bnr. 10 er arealet registrert som dyrkbar jord. Dette vil sei areal som egner seg for oppdyrkning til fulldyrka jord. Ny veg vil legge beslag på rundt 270 m<sup>2</sup> areal der vegen vert ført frem, og omlag totalt 360 m<sup>2</sup> om ein og reknar med areala som er regulert til landbruksføremål kor det er tillate med skråningsutslag og tilpassingar. Om ein reknar med areal som vert avskore vil dei totale inngrepa for eigedom gnr. 39, bnr. 10 vera på om lag 0,8 dekar.

### Alternativ 1:


Frå Lerbrekkvegen i sør, og nordover til og med eigedom gnr. 39, bnr. 9, er inngrepa som planen legg opp til i jordbruksareal summert til å vere rundt 3,2 dekar. Om ein og reknar med areala som er regulert til landbruksføremål og kor det er opna for at det kan etablerast skråningsutslag og gjere andre nødvendige tiltak for å tilpassa seg veganlegget, og areal regulert til annen veggrunn langs med fylkesvegen, vert summen på rundt 5,5 dekar.

Planen og tiltaka legg opp til inngrep i om lag 3,8 dekar jordbruksareal og dyrkbar jord, samt at om lag 2,5 dekar jordbruksareal kan nyttast til sideareal for veg. I tillegg legg planen opp til at om lag 1,2 dekar jordbruksareal vert avskore. Totalt planlagt arealinngrep og mogleg arealinngrep i landbruksareal som følgje av planforslaget er på 7,5 dekar.


#### Alternativ 2:

Fra Lerbrekkvegen i sør, og nordover til og med eidegn gnr. 39, bnr. 9, er inngrepa som planen legg opp til i jordbruksareal summert til å vere rundt 1,7 dekar. Om ein og reknar med areala som er regulert til landbruksføremål og kor det er opna for at det kan etablerast skråningsutslag og gjere andre nødvendige tiltak for å tilpassa seg veganlegget, og areal regulert til annen veggrunn langs med fylkesvegen, vert summen på rundt 4,2 dekar.

Planen og tiltaka legg opp til inngrep i om lag 2,4 dekar jordbruksareal og dyrkbar jord, samt at om lag 2,6 dekar jordbruksareal kan nyttast til sideareal for veg. I tillegg legg planen opp til at om lag 1,2 dekar jordbruksareal vert avskore. Totalt planlagt arealinngrep og mogleg arealinngrep i landbruksareal som følgje av planforslaget er på 6,2 dekar.



Figur 6-8: Jordbruksareal i nord. (NIBIO, 2019)



Figur 6-9: Verdiklasser basert på jordsmannskart. (NIBIO, 2019)

I føresegna er det sikra at matjord så langt det er mogleg skal takast vare på. Der matjord må fjernast som følge av tiltaket, skal jordmassane sikrast forsvarleg gjenbruk i nærområdet, primært til jordbruksformål. Det er vidare sikra at ein ved gjennomføring av anleggsfasen skal sikra hensiktsmessig drift for landbruk.

#### Rundkøyring:

Inngrepa som rundkøyringa legg opp til i jordbruksareal er summert til å vere rundt 1,65 dekar. Areal som avsettes til midlertidig anleggsbelte som skal tilbakeføres er rundt 5,6 dekar.

## 6.6 Kulturminne

Det er lagt til ein generell føresegns som sikrar at dersom det under anleggsarbeid innafor planområdet vert avdekt automatisk freda kulturminne, skal ein straks stanse opp arbeidet og varsle kulturvernmynde, som omtala i lov om kulturminne § 8, ledd nr. 2.

## 6.7 Sosial infrastruktur

Tiltaket vil gje ein betra skuleveg for barn og unge som bur i tilknyting til

Dysjalandsvegen, då dei vil få eit trygt tilbod for ferdsel.

Planen gir sikkert og tilgjengeleg tilkomst til LNF-areala. I lengre perspektiv vil ein kunne få ein kopling mot Jærmuseet og Nærbo.



## 6.8 Rekkefølgjeføresegner

Planen sikrar følgjande rekkefølgjetiltak:

### 6.8.1 Før igangsetjingsløyve

- > I detaljprosjekteringen:
  - > Skal det gjerast hydrologiske dataanalysar for å fastslå nødvendig lysopning og andre krav til utforming av nye bruer. Det skal sikrast at det vert minst 0,5 meter klaring mellom vassdrag ved 200-årsflaum og overbygning bru.
- > Før anleggsarbeid kan starta opp:
  - > Skal midlertidige sedimenteringsløysingar for anleggsfasen i tilstrekkeleg grad vera etablert, for å hindra tilslamming av elvelaupa.
  - > Skal midlertidig sikringsgjerde for å verna eksisterande kantvegetasjon langs vassdrag i anleggsfasen vera satt opp.

### 6.8.2 Før ferdigattest /før anlegget vert tatt i bruk

- > Areal som har vore nytta i forbindelse med anleggsarbeid skal først tilbake til eksisterande kvalitet så fort aktuell bruk høyrer opp.
- > Tilstrekkeleg trafikktryggleik skal sikrast ved kryssing av Lerbrekkvegen, i form av senka fartsgrense til 50 km/t på fylkesvegen eller andre tiltak.
- > Gang- og sykkelveg/fortau på bru skal sikrast med rekkverk.
- > Det skal vere etablert gatelys på strekninga.

## 7 Verknadar/konsekvensar av planforslaget

### 7.1 Forhold til overordna planer og føringer

Dysjlandsvegen er vist som ein neverande veg i kommuneplanens arealdel. Det er ikkje regulert framtidig gang- og sykkelveg/fortau i kommuneplanens arealdel, og det er soleis ikkje spesifisert at det skal leggjast til rette for gang- og sykkelveg/fortau her.

Ein vurdera at planforslaget er i samsvar med hovudtrekk og rammar i overordna planar, men planforslaget i strid med kommuneplanens arealdel i den forstand at det ikkje er eksplisitt teikna inn framtidig gang- og sykkelveg/fortau. Val av løysing er skildra i kapittel 6.1.1.

I tillegg har ein nord i planområdet eit noko mindre avvik mellom planforslag og vegtrasé satt av i kommuneplanens arealdel. Dette fører til eit større inngrep i landbruksjord og til at eit landbruksareal blir avskore i forhold til dagens situasjon. Jordvern ville vore betre ivaretatt med ein smalare løysing som ikkje gjekk utanfor dagens vegtrasé, jf. den regionale jordvernstrategien (Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, 2019). Meir om landbruksfaglege vurderingar i kapittel 6.5.

Rundkøyringa er inntegnet i kommuneplanen, tiltaket er da i tråd med gjeldande kommuneplan.

### 7.2 Landskap

Utvindinga av veganlegg vil ikkje krevje store endringar i terrenget. Ettersom topografien i området er flat, vil det i mindre grad vere naudsynt å etablera skråningsutslag.

I området ved Ronjabekken er det i dag eit lågbrekke på vegen. For betre å sikra området i flaumsituasjonar er det planlagt at terrenget vert heva i dette området, samt ved Tvihaubekken.

Dysjlandsvegen er i dag prega av eit kulturlandskap langs med veg, i form av steingardar, allear og tre. Breidda på veganlegget som planforslaget legg opp til, vil krevja at ein må fjerna allé i starten av Dysjlandsvegen i sør, og at ein i stor grad må fjerne eldre steingardar langs vegen.

### 7.3 Forholdet til krava i kapittel II i naturmangfaldlova

#### Naturmangfaldslova og prioriterte artar

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (Klima- og miljødirektoratet, 2006-2007). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar: § 8: Kunnskapsgrunnlaget. § 9: Føre-var-prinsippet. § 10: Økosystemtilnærming og samla belasting. § 11: Tiltakshavar betaler. § 12: Miljøforsvarlege teknikkar.

**Vurdering etter § 8 Kunnskapsgrunnlaget:**

Kva slags naturmangfald kan verta påverka av slutninga?	Kantvegetasjon langs vassdrag kan i anleggsfasen verta påverka av planen og tiltaka. Rongjabekken, frå Dysjalandsvegen og mot vest, er registrert som eit viktig bekkedrag, i hovudvekt grunngjeve i at det har ein tilnærma intakt kantsone (Miljødirektoratet, 2019).
	Tilhøva for fisk i vassdraga kan verta påverka av planen og tiltaka. Både Rongjabekken og Tvihaugbekken er registrert som lakseførande strekningar, samt at det er registrert sjøaure i bekken. (Miljødirektoratet, 2019)
	Meir informasjon om naturverdiar i området i kapittel 5.5.
Kas tilstand har naturmangfaldet?	Rongjabekken, vest for Dysjalandsvegen, er eit intakt bekkedrag med ein tilnærma intakt kantsone i eit intensivt drive jordbrukslandskap. (Miljødirektoratet, 2019)
	Bestandtilstand for laks er registrert som god/svært god (vurderingsperiode 2010-2014), mens sjøaurebestanden er vurdert til å vere redusert (per år 2013). (Miljødirektoratet, 2019)
Kas effekt har slutninga på naturmangfaldet?	Langs Rongjabekken, vest for Dysjalandsvegen, er det råda at den naturlege kantsona må oppretthaldast, samt at bekkelukking, kanalisering, steinsetting og generell forureining ikkje bør førekomma. (Miljødirektoratet, 2019) Ein kan dermed anta at slike inngrep kan ha ein negativ effekt på tilhøva i Rongjabekken.
	Det er sikra i føresegna at naturleg elvebotn må sikrast på aktuelle kryssingspunkt, og at så mykje som mogleg av kantvegetasjonen på staden skal haldast intakt. Der kantvegetasjon vert skada/fjerna på grunn av anleggssarbeid, skal den reetablerast så raskt som mogleg etter tiltak, i den grad det lar seg gjera. Til toppdekke skal det nyttast stadeigne massar. Dette sikrar frøbank og levande plantemateriale frå stadeigne artar. Det øvste jordlaget (øvste 20-30 cm) skal gravast av og lagrast, for og leggjast tilbake. Terrenget skal ha en naturleg utforming med kupert overflate for å gjenskapa variasjon i markfuktigkeit, topografi og eksposisjon.
	Tilsig frå anleggsfasen og veganlegget, samt støy og aktivitet i anleggsfasen, kan tenkast å ha ein negativ innverknad på tilhøva for fisk i vassdraga.

Etter gyting, som varierer frå oktober til desember, slipp gjerne gytefisken seg nedover vassdraga ved økt vassføring. Egga vert klekt tidleg på våren, avhengig av vassstemperatur. Den første tiden er larvene veldig knytt til grusen. Det betyr at graving oppstrøms gyteområde, ikkje bør gjerast før juni.

Det er sikra i føresegna at anleggsarbeid i tilknyting kryssing av vassdrag skal gjennomførast i tidsrommet juni-september, utanom følsam periode for fisk. Videre er det sikra at avrenning til vassdrag i anleggsfasen skal avgrensast, eksempelvis ved bruk av sedimenteringsbasseng og/eller siltgardin. Det er viktig at tilhøva i vassdraga ikkje blir ytterlegare forringa som følgje av planlagde tiltak.

Ein vurderer at planen og tiltaka vil kunne ha ein minimal effekt på kantvegetasjon, fisk og tilhøva i bekkane generelt. Dette med bakgrunn i dei avbøtande tiltaka som nemnt over er sikra i føresegna.

#### **Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet:**

En meiner at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kas naturmangfald som kan verta påverka, om kva verknader planen kan ha på dette naturmangfaldet og kas andre forhold som kan påverka naturmangfaldet.

#### **Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belasting:**

Vest for Dysjlandsvegen, like sør for Rongjabekken, ligg det ei beitemark som kan ha påverking på vassdraget.

Tilsig frå jordbruk kan ha påverknad for laks og sjøaure i Rongjabekken og Tvihaugbekken.

Det vert vurdert at den samla belastninga på naturmangfaldet er liten.

#### **Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betalar:**

Paragrafen går på at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindra eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter.

Ein er ikkje kjend med at tiltakshavar må dekke kostnadene knytt til å sikre særskilde naturmangfaldsomsyn, utover det som er sikra i denne planskildringa og i planføresegna.

#### **Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:**

Paragrafen går ut på at for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Ein rekke avbøtande tiltak er sikra i føresegna, for å unngå og avgrensa skader på naturmangfaldet.

### **Samla vurdering av naturmangfaldet**

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova kan ein ikkje sjå at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Viktig naturmangfald på staden som må tas omsyn til er i hovudsak knytt til vassdraga. Det er laks og sjøaure i bekkane, og Rongjabekken vest for Dysjalandsvegen er registrert som eit viktig bekkedrag i hovudsak på grunn av intakt og samanhengande kantvegetasjon. Det går ein veg gjennom området i dag, og to eksisterande bruar kryssar vassdraga. Ved gjennomføring av planen og tiltaka må det vere særlege omsyn på å få til ein skånsam anleggssfase med tanke på påverknad på fisk og vassdrag (blant anna i forhold til kantvegetasjon). Det er i føresegna sikra ein rekke avbøtande tiltak, og ein vurderer at desse føresegna i tilstrekkeleg grad minimerer dei negative konsekvensane for naturmangfaldet.

## **7.4 Trafikkforhold**

På ein strekning i nord legg ein opp til at mjuke trafikantar skal ferdast i vegen saman med køyretøy. Her er det svært lite trafikk, ettersom vegen bare gir tilkomst til eit fåtals bustader. Vegen skal ha ein breidde på 4 meter, og det vil vere plass til at ein gåande (dimensjonerande bredde 0,7 meter) møter ein personbil (dimensjonerande bredde 1,80 meter) eller ein lastebil (dimensjonerande bredde 2,55 meter). (Statens vegvesen, 2019)

Lerbrekkvegen har fartsgrense 80 km/t. Det er sikra i føresegna at det for mjuke trafikantar må sikrast tilstrekkeleg trafikktryggleik ved kryssing av Lerbrekkvegen, i form av nedsenka fartsgrense til 50 km/t eller andre tiltak.

Rundkjøringa som det no blir lagt opp til, sikrar tilstrekkeleg trafikktryggleik ved kryssing av Lerbrekkvegen for mjuke trafikantar. Bilistane blir tvinga til å redusere farten ved rundkjøringa og en kan etablere fotgjengerovergang over Lerbrekkvegen og slik sikre krysningen for myke trafikantar på en trafikksikker måte.

## **7.5 Barn og unges interesser**

Ein trygg ferdselsveg for barn og unge langs Dysjalandsvegen, vil gi barn og unge ein betra skuleveg og fritidsveg. Tiltaket vil byggja opp under rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. I følgje retningslina står det mellom anna at areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot trafikkfare.

Løysing i alternativ 1 med ein rabatt/grøft på 1,5 meter vil gi en god separasjon av trafikantgruppene, og bidra til ein god trafikksikring for born som ferdast på skuleveg. Løysing i alternativ 2 med ein avvisande kantstein mellom køyrebane og fortau, vil også gi ein god separering mellom trafikantgruppene.

## 7.6 Landbruk

I dei vedlagte vegtekniske teikningane er skråningar vist med ein helling på 1:2. Ein vurderer at ein ved etablering av tiltaket kan leggja opp til ein helling på 1:7, eller

med den helling som passar for bøndene, og at landbruksjord kan driftast oppå skråningsutsлага.

Sjå elles vurderingar i kapittel 6.5.

## 7.7 Sosial infrastruktur

Ettersom skulekrets går like nord for planområdet, er det sannsynleg at det er eit avgrensa tal barn og unge som brukar strekningen til skuleveg.

## 7.8 Tekniske infrastruktur

I Dysjalandsvegen er det planlagt å legge ny vassleidning og legge til rette for drenering av vasskummar. Det er ikkje satt krav til ein eigen VA-rammeplan for planforslaget, då det er eit reint vegprosjekt som følgjer eit overordna VA-prosjekt.

Planen og tiltaka vil i liten grad endra på dei eksisterande forholda. Etablering av asfalt på areal kor det i dag er mark vil kunne gi ein auka avrenningskoeffisient, men dette er vurdert til å i så fall vera minimalt og av liten betydning for eventuell flaumsituasjon.

## 7.9 ROS

Risiko- og sårbarheitsanalyse er gjennomført for tiltaket som sin heilheit, og er vedlagt planen ("Risiko og sårbarheitsanalyse, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Dysjalandsvegen, frå Lerbrekkvegen til Dysjaland", datert 13.12.2019, sist revidert 20.04.2019). Hendingane som er vurdert som aktuelle er analysert i eige skjema for å identifisere risiko og sårbarhetstilhøve. ROS-analysens sine viktigaste funn er summert opp under.

Tema	Oppsummering
Landbruk	Planen legg opp til inngrep i landbruksjord. Konsekvensane er vurdert til å vere små, då inngrepa i hovudsakleg er på ei stripe langs ytterkanten av større, samanhengande jordbruksareal, og tilkomst for traktor vil vere mogleg frå fleire retningar. For gnr. 39, bnr. 1 vert eit noko større jordbruksareal avskore. Det er ikkje vurdert som naudsynt med tiltak for å redusera risiko eller konsekvensar. Ein har søkt å leggja gang- og sykkelvegen/fortauet slik at ein finn ein god balanse mellom arealbeslag, linjeføring og trafikktryggleik, og konsekvensane for hendinga vert vurdert som akseptable.
Trafikktryggleik	Der er knytt høg konsekvens til kryssing av Lerbrekkvegen med fartsgrense 80 km/t, og det er vurdert at det ikkje er

	<p>akseptabelt å leggja opp til eit kryssingspunkt ved fartsgrense 80 km/t.</p> <p>For andre vegar i planområdet vurderer ein det slik at trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar langs strekningen i hovudsak vert mykje betre, og risiko og sårbarheita akseptabel.</p>
Flaum	Det er gjort ein enkel undersøkingar av potensiell flaumvasstand, då planen ikkje opnar for bygningar, og konsekvensane flaum vil ha for gang- og sykkelvegen er vurdert som små. Det må gjennomførast en ytterlegare hydrologisk dataanalyse, for å kvalitetssikra vurderingane som er gjort knytt vasstand ved 200-årsflaum, slik at ein kan vurdera endeleg kotehøgd for lysopning i bruker.
Fall i ope vatn	Sannsynet for ei fallulukke i ein av bekkane vert vurdert som lågt, både når det gjeld dagens situasjon og framtidig situasjon med ny gang- og sykkelveg/nytt fortau. Ein må sørge for tilstrekkeleg sikring av gang- og sykkelvegen/fortauet over bekkane, i form av rekkverk og god lyssetting.

## 7.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen skal stå for bygging av veganlegget. Det er satt av midlar i budsjett- og økonomiplanen (Hå kommune, 2018).

Ein antar at alternativ 1 vil vere ein noko dyrare løysing enn alternativ 2, då dette alternativet krev meir erverv av privat eigedom.

## 7.11 Interessemotsettingar

Interessekonflikt i området er inngrep i landbruksareal og bustadomter, mot tilrettelegging av trygg ferdsselsveg for barn og unge.

Alternativ 1 gir en større interessekonflikt enn alternativ 2, då denne løysinga krev eit større inngrep i private eigedomar.

Overnevnt konflikt er også gjeldande for rundkøyringa

## 8 Avsluttande kommentar

Tiltaket, som vist i alternativ 1 og alternativ 2, vil leggja til rette for ein trygg skuleveg for barn og unge på Dysjaland. Eit separat tilbod vil gi ein god opplevd og reell tryggheit for å ferdast på strekningen, kor det er mykje landbrukskøyretøy. Trygg skuleveg er ein høg prioritert i Hå kommune.

Veganlegget i alternativ 1 har ein køyrebane på 5,0 meter, ein rabatt på 1,5 meter og ein gang- og sykkelveg på 2,5 meter. Veganlegg i alternativ 2 har ein køyrebane på 5,0 meter og eit fortau på 2,5 meter. Begge alternativa vil vera utforma i tråd med politiske vedtak gjort i Utval for tekniske saker og næring, i Hå kommune.

Rundkøyringa sikrar trygg ferdsel for mye trafikantar ved kryssing av Lerbrekkvegen og er med å auke trafikkflyten og redusere farten i nåverande trafikkfarleg kryss.

Planen og tiltaka legg opp til å beslaglegga ein del landbruksareal, og det er vurdert kor mykje areal som går tapt i kapittel 6.5.

Med bakgrunn i Hå kommune sin prioritering om å leggje tilrette for trygg skuleveg, samt politiske vedtak i Utval for tekniske saker og næring, er det vurdert at etablering av tiltaket tar tilstrekkeleg omsyn til omkringliggjande omgjevnader.

### 8.1 Endringsliste

Som følgje av planendring 2025, rundkøyring, er det gjort endringar i planbeskrivelsen i følgande kapittler;

- >1. Sammendrag
- > 2.1 Hensikten med planen
- >2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold
- >2.3 Bakgrunn og tidlegare vedtak i saken
- >2.4 Krav om konsekvensturedning?
- >3.1 Varsel om oppstart, medverknad
- >4.1.2 Kommuneplanens samfunns- og arealdel
- >4.4 Temaplaner
- >4.5 Statlege planretningsliner, rammer og føringar
- >5.7 Trafikkforhold
- >6.1 Planlagt tiltak
- >6.1.2 Arealoppgåve
- >6.2.1 Reguleringsføremål

>6.2.3.3 Rundkøyring

>6.5 Landbruksfaglege vurderingar

>7.1 Forhold til overordna planer og føringer

>6.4 Trafikkforhold

>7.9 ROS

>8 Avsluttande kommentar

>7.11 interessemotsettingar

>9 Vedlegg

## 9 Vedlegg

- Oppsummering og kommentarar til merknader ved varsel om oppstart, datert 13.12.2019, sist revidert 20.04.2020
- Merknadskart, datert 13.12.2019
- ROS-analyse; "Risiko og sårbarheitsanalyse, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Dysjalandsvegen, frå Lerbrekkvegen til Dysjaland", datert 13.12.2019, sist revidert 20.04.2020
- Notat bruer; "Reguleringsplan gang- og sykkelveg Dysjalandsvegen: Bruer Tvihaugbekken og Rongjabekken", datert 09.09.2019
- Notat flaum; "Avrenningsanalyse – gang- og sykkelveg langs Dysjalandsvegen", datert 11.11.2019
- Tekniske vegteikningar for alternativ 1; B001, C001-5 D001-2 og F001, datert 13.12.2019
- Tekniske vegteikningar for alternativ 2; B001, C001-5 D001-2 og F001, datert 17.04.2020
- **Tekniske vegteikningar for rundkjøring; B1001-1, C101-1 og C102-1, datert 27.03.2025**

## 10 Figurliste

<i>Figur 3-1: Varslingsområde, inkludert den utvida varslinga (blått omriss).</i>	13
<i>Figur 4-1: Utsnitt av kart som visar föringar för langsiktig disponering av areal i regionen. (Rogaland fylkeskommune, 2019)</i>	14
<i>Figur 4-2: Utsnitt, KPA 2014-2028. Område som vert regulert i denne planen er sirkla inn.</i>	15
<i>Figur 4-3: Utsnitt av nordleg del av det varsla planområde (raudstipla line) som overlappar gjeldande reguleringsplan. (Hå kommune, 2019)</i>	16
<i>Figur 4-4: Oversikt over gjeldande reguleringsplanar i området. (Hå kommune, 2019)</i>	16
<i>Figur 4-5: Utsnitt av sørleg del av det varsla planområde (raudstipla line) og gjeldande reguleringsplan i sør. Dysjlandsvegen er regulert med fortau på austsiden av vegen. (Kartkjelde: Hå kommune / 1881.no, Norkart 2019)</i>	17
<i>Figur 4-6: Konklusjonskart Varhaug. Dysjlandsvegen er markert med forslag til tiltak. Sjå raud pil. (Hå kommune, 2017)</i>	18
<i>Figur 5-1: Planområdet sin omtrentlege plassering i Hå kommune (Google, 2019).</i>	20
<i>Figur 5-2: Allé i Dysjlandsvegen, sett mot nordvest. Lerbrekkvegen kryssar i front (COWI AS, 2019).</i>	21
<i>Figur 5-3: Bru over Tvihaugbekken, sett mot nord. (COWI AS, 2019).</i>	21
<i>Figur 5-4: Bru over Rongjabekken, sett mot nord. (COWI AS, 2019).</i>	22
<i>Figur 5-5: Registrerte kulturminne i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er stipla opp. (Riksantikvaren, 2019)</i>	23
<i>Figur 5-6: Bygningar från före 1900 (SEFRÄK). Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er stipla opp. (Miljødirektoratet, 2019).</i>	23
<i>Figur 5-7: Naturverdiar i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er stipla opp. (Miljødirektoratet, 2019)</i>	24
<i>Figur 5-8: Arealtype i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NIBIO, 2019)</i>	25
<i>Figur 5-9: Dyrkbar jord i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NIBIO, 2019)</i>	25
<i>Figur 5-10: Jordkvalitet i området. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NIBIO, 2019)</i>	26
<i>Figur 5-11: Området sett i skrå vinkel mot nord. Planområdet er sirkla inn. (Google, 2019)</i>	27
<i>Figur 5-12: Utsnitt av skulekrinsane i Hå. (Hå kommune, 2019)</i>	28
<i>Figur 5-13: Vassleidning er vist med blå line, spillvassleidning med grøn line og overvassleidning med sortstipla line. Planområdet er sirkla inn. (Hå kommune, 2019)</i>	29
<i>Figur 5-14: Lausmassekart. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NGU, 2019)</i>	30
<i>Figur 5-15: Støyvarselkart. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (Statens vegvesen, 2019)</i>	31

<i>Figur 5-16: Aktsemndskart for flaum. Vegareal som er foreslått regulert i denne planen er streka opp. (NVE, 2019)</i>	31
<i>Figur 6-1: Normalprofil for veg som går heilt nord i planområde, jf. veg "63000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o_SV" i plankart.</i>	38
<i>Figur 6-2: Normalprofil for rettstrekket av Dysjlandsvegen, fra Lerbrekkvegen i sør og til kryss i nord, jf. veg "23000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o_SKV1" i plankart.</i>	39
<i>Figur 6-3: Innsnevra tverrsnitt forbi trafo ved Dysjlandsvegen 185, jf. veg "23000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o_SKV1" i plankart.</i>	39
<i>Figur 6-4: Normalprofil for veg som går fra kryss i nord og i aust-vest gående retning, jf. veg "22000" jf. vedlagte vegteikningar. Vegen er regulert som "o_SKV2" i plankart.</i>	39
<i>Figur 6-5: Normalprofil for rettstrekket av Dysjlandsvegen, fra Lerbrekkvegen i sør og til kryss i nord, jf. veg "24000" jf. vedlagte vegteikningar.</i>	40
<i>Figur 6-6: Tverrsnitt over bru med Tvihaugåna, jf. veg "24000" jf. vedlagte vegteikningar.</i>	40
<i>Figur 6-7: Normalprofil for veg som går fra kryss i nord og i aust-vest gående retning, jf. veg "25000" jf. vedlagte vegteikningar.</i>	41
<i>Figur 6-9: Jordbruksareal i nord. (NIBIO, 2019)</i>	44
<i>Figur 6-10: Verdiklasser basert på jordsmonn. (NIBIO, 2019)</i>	45

## 11 Referansar

- Artsdatabanken. (2019, 12 9). *Artskart*. Hentet fra <https://artskart.artsdatabanken.no/>
- COWI AS. (2018). *Utbedring av Dysjalandsvegen, notat*.
- COWI AS. (2019). *Synfaring*.
- Google. (2019). *Google Earth*. Hentet fra <https://www.google.com/earth/>
- Google. (2019). *Google Maps*. Hentet fra <https://www.google.no/maps/>
- Hå kommune. (2017). *Plan for turnett i Hå kommune [vedtatt i kommunestyret 13.12.2018 i sak nr. 085/18]*.
- Hå kommune. (2018). *Budsjett 2019 og økonomiplan for 2019-2022, godkjent 13. des 2018 [i kommunestyret sak nr. 096/18]*.
- Hå kommune. (2019). *Avrenningsanalyse - gang- og sykkelveg langs Dysjalandsvegen*.
- Hå kommune. (2019). *Kartløysing Hå kommune*. Hentet fra <https://kart.nois.no/smart/Content/Main.asp?layout=smartkommune&time=1575637420&vwr=asv>
- Hå kommune. (2019). *Skulekrinsane i Hå*. Hentet fra [https://www.ha.no/\\_f/p1/ice13de48-5a50-40bf-8ce8-caa96590bd6a/skulekrinsar\\_i\\_haa.pdf](https://www.ha.no/_f/p1/ice13de48-5a50-40bf-8ce8-caa96590bd6a/skulekrinsar_i_haa.pdf)
- Klima- og miljødirektoratet. (2006-2007). St.meld.nr.26 (2006-2007), Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand.
- Miljødirektoratet. (2019). *Lakseregisteret*. Hentet fra <http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/visElv.aspx?vassdrag=N.%20Varhaugelv&id=028.22Z>
- Miljødirektoratet. (2019). *Miljøstatus*. Hentet fra <https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/MAKartWeb/KlientFull.htm>
- Miljødirektoratet. (2019, 12 9). *Miljøstatus*. Hentet fra <https://faktaark.naturbase.no/?id=BA00016733>
- Miljødirektoratet. (2019, 12 9). *Miljøstatus*. Hentet fra <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00008530>
- Miljødirektoratet. (2019, 12 9). *Miljøstatus*. Hentet fra <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00008534>
- NGU. (2019, 09 17). *Løsmasser - Nasjonal løsmassedatabase*. Hentet fra [http://geo.ngu.no/kart/losmasse\\_mobil/](http://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/)
- NIBIO. (2019). *Kilden*. Hentet fra [https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone\\_cache](https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone_cache)
- NKF Nettverksgruppe Sør-Rogaland. (2017). *Vegnorm for Sør-Rogaland*.
- NVE. (2019, 6 18). *Akt somhetskart for flom*. Hentet fra <https://temakart.nve.no/link/?link=floamktsomhet>
- Riksantikvaren. (2019). *Askeladden*. Hentet fra <https://askeladden.ra.no/>
- Rogaland fylkeskommune. (2019). *Regionalplan for Jæren 2050*.
- Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland. (2019). *Jordvernstategi for matfylket Rogaland*.
- Statens vegvesen. (2014). *Universell utforming av veier og gater, håndbok V129*. Vegdirektoratet.
- Statens vegvesen. (2015). *Bruprosjektering, håndbok N400*. Vegdirektoratet.
- Statens vegvesen. (2019). *Støysoner for riks og fylkesveger*. Hentet fra <https://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=805f97e2d6694f45beca4b7a7c59acec>

Statens vegvesen. (2019). *Veg- og gateutforming, håndbok N100*. Vegdirektoratet.

Statens vegvesen. (2019). *Vegkart*. Hentet fra  
<https://www.vegvesen.no/nvdb/vegkart/v2/#kartlag:geodata/@600000,7225000,3>

Vedtak Kommuneplanutvalet 006/19, Sak nr. 006/19 (Kommuneplanutvalet 04 30, 2019).

Vedtak UTN 004/19, Sak nr. 004/19 (Utval for tekniske saker og næring 01 31, 2019).

Vedtak UTN 031/20, Sak nr. 031/20 (Utvalg for tekniske saker og næring 03 05, 2020).

Vedtak UTN 031/20, Sak nr. 031/20 (Utval for tekniske saker og næring 03 05, 2020).

Vedtak UTN 050/19, Sak nr. 050/19 (Utval for tekniske saker og næring 06 20, 2019).